



Nynorsk kultursentrum

# Vedtaksprotokoll styremøte

**Ivar Aasen-tunet, Ørsta**

**måndag 25. februar 2013 kl. 18.00 – tysdag 26. februar kl. 14.00**

## Til stades

Reidar Sandal (leiar), Sigrun Høgetveit Berg (nestleiar), Bente LaForce, Georg Arnestad, Grete Riise, Jon Østbø, Anders Aanes, Gaute Øvereng (open post), Laila Walseth Lid (sak 19/2013), Ottar Grepstad (sekretær)

## Forfall

Wegard Harsvik (rådsordførar)

## Sakliste

### Konstituering

- 01/2013 Innkalling og sakliste
- 02/2013 Godkjenning av protokoll

### Saker til orientering

- 03/2013 Referatsaker
- 04/2013 Orienteringssaker
- 05/2013 Personalsaker

### Vedtaksaker

- 06/2013 Rekneskap 2012
- 07/2013 Årsmelding 2012
- 08/2013 Løyving Vinjefondet 2013
- 09/2013 Revidert driftsbudsjett 2013
- 10/2013 Språkåret 2013
- 11/2013 Søknader om offentlege tilskot 2014
- 12/2013 Ulvik Poesifestival
- 13/2013 Utvikling av litterære senter
- 14/2013 Årets nynorskbrukar 2013
- 15/2013 Høyringsfråsegner

- 16/2013 Styremøtet i juni  
17/2013 Oppnemningar Norsk Barneblad  
**Saker til drøfting**  
18/2013 Årsplan 2013  
19/2013 Fornyning av nettstadene

Styremøtet blei formelt sett kl. 19.00. Timen før var ein open post med drøfting av strategi for vidare posisjonering fram mot 2018 på grunnlag av innleing frå direktøren. Drøftinga var ein del av grunnlaget for handsaming av sak 12 og 13.

## Konstituering

### **01/2013 Innkalling og sakliste**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste er godkjend med ny vedtakssak om oppnemningar.

### **02/2013 Godkjenning av protokoll**

#### **Vedtak**

Protokoll frå styremøte 7.12.2012 er godkjend.

## Saker til orientering

### **03/2013 Referatsaker**

#### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til vitende.

## **04/2013 Orienteringssaker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

## **05/2013 Personalsaker**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

# *Vedtaksaker*

## **06/2013 Rekneskap 2012**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner rekneskapen for 2012.
2. Av årsresultatet på kr 625 570,29 blir kr 475 570,29 lagd til egenkapitalen, og kr 150 000,00 blir sett av til basisutstilling i Olav H. Hauge-senteret.

## **07/2013 Årsmelding 2012**

### **Vedtak**

Styret godkjenner årsmelding 2012 og tek årsrapport frå administrasjonen til vitende.

## **08/2013 Løyvingar Vinjefondet 2013**

### **Vedtak**

1. I tråd med tilsegn i styrevedtak 7.12.2012 løyver Vinjefondet frå 2013-midlane 300 000 kr til Nynorsk avissenter i 2013.
2. Vinjefondet løyver 225 000 kr frå 2013-midlane til Framtida.no for engasjement språkjournalist i Språkåret 2013.
3. Styret drøftar eventuelle endringar i retningslinjene og andre sider av Vinjefondet på styremøtet i juni 2013 på grunnlag av tilråding frå fagrådet.

## **09/2013 Revidert driftsbudsjett 2013**

### **Vedtak**

Styret godkjenner revidert driftsbudsjett for 2013.

## **10/2013 Språkåret 2013**

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner det reviderte 2013-budsjettet for Språkåret 2013.
2. Styret bed Språkåret 2013 leggje fram prosjektplan og prosjektbudsjett for 200-årsdagen til drøfting på rådsmøtet i april.
- 3 I staden for å bruke knappe midlar til ei referansegruppe blir det prioritert å arrangere to møte i Språkårsforum for å stimulere til samarbeid på tvers av ulike språkmiljø, og som er opne for alle interesserte. Møta blir haldne før 15.5 og 1.9.

## **11/2013 Søknader om offentlege tilskot 2014**

### **Vedtak**

1. Styreleiaren får saman med direktøren fullmakt til å slutføre arbeidet med søknadene om offentlege drifts- og investeringstilskot for 2014 på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i møtet.
2. Styret tek på møtet i juni til på ei drøfting av nye større nynorskprosjekt på grunnlag av *Visjon og strategi*.

## **12/2013 Ulvik Poesifestival**

### **Vedtak**

1. Nynorsk kultursentrum deler intensjonen med Ulvik herad om at Ulvik poesifestival blir lagd til Hauge-senteret og Nynorsk kultursentrum.
2. Styret gir styreleiaren fullmakt til å tingje med Ulvik herad om ein avtale om vidare drift og utvikling av Ulvik Poesifestival.

## **13/2013 Utvikling av litterære senter**

### **Vedtak**

Styret gir direktøren fullmakt til å signere intensjonsavtalar om Vinje-senter i Vinje og diktarhus i Lom på grunnlag av drøftinga i styret og innanfor dei rammene som er gitt.

## **14/2013 Årets nynorskbrukar 2013**

### **Vedtak**

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2013* går til filosofen *Gunnar Skirbekk* for arbeidet med å fornye tenkinga om ein gyldig og framtidretta opplæringspolitikk for nynorsk, og for slitesterk evne til å halde oppe nynorsk som eit smidig språk for tenking.
2. Prisen er på 100 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 27. juni 2013. Som ein del av prissummen tek prisvinnaren del i arrangementet "Prisvinnarens time" under Dei nynorske festspela 2013 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2013.
3. Prisvinnaren og grunngivinga blir etter planen offentleggjort tysdag 5. mars.

## **15/2013 Høyringsfråsegner**

### **Vedtak**

Styreleiaren får fullmakt til å slutføre høyringsfråsegnene saman med direktøren på grunnlag av saksførelegg og drøftinga i styret.

## **16/2013 Styremøtet i juni**

### **Vedtak**

Styremøtet i juni blir lagt til Bergen.

## **17/2013 Oppnemningar Norsk Barneblad**

### **Vedtak**

1. Styret oppnemner slike rådsmedlemer i Norsk Barneblad 2013–2014:  
Rådsmedlem: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Volda  
Personleg varamedlem: Sigrun Høgetveit Berg, Tromsø  
Rådsmedlem: Laila Walseth Lid, Volda  
Personleg varamedlem: Terje Hjartnes, Ulvik
2. Styret oppnemner slike kandidatar til styret i Norsk Barneblad 2013–2014:  
Magni Hjertenes Flyum, Eid  
Personleg varamedlem: Gaute Øvereng, Volda

# Saker til drøfting

## **18/2013    Årsplan 2013**

### **Vedtak**

Styret tek saka til orientering.

## **19/2013    Fornyng av nettstadene**

### **Vedtak**

Styret tek informasjonen til orientering.

## **Godkjend protokoll**

Protokollen frå styremøte 25.-26. februar 2013 er godkjend i møte 4. juni 2013.

\_\_\_\_\_  
Reidar Sandal

\_\_\_\_\_  
Bente LaForce

\_\_\_\_\_  
Georg Arnestad

\_\_\_\_\_  
Jon Østbø

\_\_\_\_\_  
Grete Riise

\_\_\_\_\_  
Sigrun Høgetveit Berg

\_\_\_\_\_  
Anders Aanes

\_\_\_\_\_  
Ottar Grepstad